

# GAMLABANO

---

Leif Inge Eide

---

Hausten er tida då me sankar i bøtter og spann, då me foredlar og legg i forråd, då me jaktar på molter og ryper og dei siste seriepoenga. Om hausten sende Sanden straffesparka i veggjen på Askildsløa, utan at dette fekk avgjerande betydning, for overgangsspelet med ein hauststorm i ryggen gav oss dei poenga som skulle til.

Men i dag er gamlabano der Anton', Alf'en og Reidar'n i Hålo budde, nedlagd, begravd under senter og betong, mens ei ny såg dagens lys vaglande på toppen av ei steinfylling i naturreservatet Sanddalen. Og muren, der publikum vagla seg med ein utsikt ingen fotballstadionar i våre dagar kan konkurrera med, er jamna med jorda. Det var tidleg på 80-talet at fotballen på Vaksdal knakk ryggen. Sidan har han site i rullestol og er langt på veg trilla ut or bygda.

Muren er falt. Muren som levde. Muren som løfta. Muren som Johsen forgjeves prøvde å sparka ned mens han i 2 x 45 gjorde utallige, strabasiøse forsøk på å rulla seg ein sigarett. Det gjekk mange par sko og kilovis med tobakk.

Muren er falt. Muren som piska. Muren som hylla. Muren som pinsevevnane annekterte i pausane og la inn under sine misjonsmarker, Jesus elska visst alle fotballfrelste og, mens Sir Dagfinn Ferguson Ulevik dreiv uortodoks sidelinjegymnastikk og tygde som rasande på enno eitt South-State-filter.

Muren er falt. Muren som bølga. Muren som brølte. Muren som også viste omtanke for gjestande lag:

- Heia Eldar, blå og gule! Det er gutta som kan ..... spela fotball !

Det var muren som styrte offside'n ! Dommaren var ei ku som blas i bjølla kvar gong muren trykte på mentometerknappen. Og på sidelinja gjekk linjemannen Bjarne, oksen Bjarne som såg raudt når han såg svart, som flådde vimpelen av hjørneflagget og gav kampleiaren den kvite stokken om han tok ei avgjerdsløse som gjekk Bjarn' imot, som slengde flagget i bakkar og berg og klubbhusveggar, før han kasta pipeblåsarane på elva ! 17 hakk i linjeflagget, 17 fløyter i beltet ! Alle dommarar som dømde på Vaksdal blei heimadommarar etter kvart som dei hadde vunne seg erfaring, eller dei unnlot å møta.

På utebane arta det seg heilt annleis. Her hadde 22 mann evig vikeplikt overfor den vesle svartkledde djevelen, som på den siste haustdag, avgjorde kven som skulle sendas til himmels, og kven som skulle enda i evig fortaping.

Kan henda boud gamlabano på mjukleik og harmløyse der me varma opp med Hennes Magasin på overtrekksen, men då muren hadde telt ned var mr. Jekyll blitt mr. Hyde. Utan leggbeskyttarar, med sokkane nede og Kløver kraftfor over oppspende brystkassar, skreid me til verket, og med muren i ryggen, gav heimesiger lave odds.

Drakt nr. 10 var Trygvén si. Seinare valde Maradonna den same, han som tukta engelskmennene med Guds hand. Trygvén var også utstyrt med ei slik hand. Han tukta bergensarar og kvemmingar, og samningar om det trongst ! Han svinga dei i det høgste, før han landa dei, og såg til at begge skuldrene var i bakken, break down, til øredøyvande hylling frå muren, etterfulgt av ein illevarslande pipekonsert då dommarén lyste raudt og sikra seg den største hølen i elva.

Særleg skapte lokaloppgjera mot Dale flodbølgjer. Bygdefolka gjekk både kvinne og mann av huse, og eg kjem aldri til å gløyma den gongen eg skulle ta straffespark mot dei spedalske, 3 min. før full tid, stillinga 2-2, inste målet, retning Brualeitet. Eg la ned ballen. Publikum var i gravferd, Hans Majestet Kongens Garde i stram giv akt. Askildsløa holdt pusten. Flugene parkerte, og fuglane holdt nebb. Gamlabano låg i djupfrysaren, vakumpakka og datostempla. Eg snudde for å ta fart. Samtlege medspelarar stod med ryggen til og skua utover fjorden. Kanskje speida dei etter Ormen Lange, eller kanskje han Knut E. Knutsen med lykkehjulet i Røde Korstellet bak hitt målet ?

Men publikum, publikum hadde fokus på meg. Røntgenblikk. På dalekøeparen og, men det skulle hjelpa han lite. Dei få sekunda det stod på, tok fleire år. Eg blei ein erfaren mann. Eg fekk barn og blei grå i håret, før muren eksplo-faen-meg-derte, og Elso stod på eitt bein på ein stabbestein i Siribrekka og gol, mens Arthur'n stod attmed og la hentesveisen triumferande øve.

Og så blei det fotballfest ! Me valfarta til Ulvik der eplebløminga var blitt moden og tilsatt ekstra sukker, der turistane var vel forsynte, mens fotballfolket var klarert for dessert. Og dessert blei det så Erik Myggen Myklands memoarar bleiknar, søndagsskuleelev Erik, svigermors drøm, førstereisguten vår. Ein mygg har ingen brodd. Slik er det, og slik blir det.

Og dagen derpå returnerte me frå slagmarka. Symjebassenget var tømd for torpedoar, baren for dynamitt, dei døde var stått opp frå bagasjeromma i bygdas taxiar, mens syklane til dei innfødde framleis hang på halv stang då me drog, og heimturen var 7 gongar lengre enn turen inn. Men til bua kom me, der alle fotballutflukter fekk si verdige avslutning med kald cola og dyppa pølsebrød.

“- Må gje han ein god ein og,” sa Krek-Ol'n og nikka mot Trygve'n, “han ser då so tørr ut.”